

Kuldegradar ikkje før jul?

04.12.2014

Idag skriv vi 4.desember og det er berre 3 veker til jul. Men framleis har vi ikkje hatt kuldegrader i Uskedalen og heller ikkje ved andre målestasjonar i Kvinnherad. Det er faktisk ein sensasjon. På Neset er sommarblomar framleis lys levande.

Kurt Haugland har på terrassen sin på Korsneset målt ein snitt-temperatur på 7,7 grader i november mot 6 grader i den same månaden i fjor. Totalt for heile året har han målt 10.9 snittgrader mot 8,4 ifjor.

Lågaste temperatur i november var 1,8.og høgaste 19,3.

Nedbøren har vore meir normal, med 2179 mm. til no i Uskedalen mot 1836 i den samme perioden i fjor.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen